

Fana Historielag

Årsskrift 2019



Utgitt av
FANA HISTORIELAG

Historia i veggene

Lønningen Lystgard på flyttetofot

av Åse Tveitnes, Kulturminneansvarleg på Universitetet i Bergen



Lønningen Lystgård august 2019

Foto: Thomas Vindal Christensen, UiB

I 2013 måtte Lønningen Lystgard vike då tomtelandet vart del av utvidinga av Bergen Lufthamn. Avinor vende seg til Universitetet i Bergen for å finne ei ny høveleg plassering av huset som i over 200 år hadde lege på Lilandshaugen med utsyn mot eit stadig endrande landskap. Botanisk hage vart valt og avtale vart skrivne om at Universitetet i Bergen skulle få ein bergensk lystgard frå slutten av 1780-talet i gåve.

Men er Lønningen eigentleg ein ekte bergensk lystgard? Fem år med registreringsarbeid, demontering, rekonstruksjon og gjenoppbygging har gjeve ny kunnskap om bygningen. Kunnskap som set spørsmål ved både intensjonen til byggherre og om byggeår.

Ny kunnskap, og historia om dei vel 50 fyrste åra i

huset må skrivast om. Det er altså byggjeår og lystgardsidentiteten som er fokus i denne teksten. Om korleis restaureingsarkitektar og bygningsantikvarar les historia ut av veggane i mangel på skriftlege kjelder. Men fyrst eit besøk til den nye Lønningen Lystgard, slik den no ligg i Botanisk Hage.

Det nye gamle huset i Botanisk hage

Har ein ikkje vore i Botanisk hage før, kan ein tru at den store kvite trevillaen alltid har lege der. For plasseringa ved den trekledde haugen er tilforlateleg og svært passende for ein sommarresidens anno seint 1700-tall. Ei midtstilt trapp frå hovuddøra møter eit vakkert symmetrisk og fargerikt renessanseprega hageanlegg som understrekar perspektivet ned mot sjøen. Plassering av huset i Botanisk hage er ei forteljing om idealet for lyststader i Bergen. På Lønningen var det ikkje same nærleiken til sjøen og ingen symmetrisk renessansehage. Men spor etter ein midtakse i den gamle hagen kan tyde på at idealet var kjent.

Det såkalla midtarkuset er bygd opp av to tømra kassar bundne saman med ein gjennomgåande midtgang. Hovudfasadane er symmetriske med tre store vindauge på kvar side av ei staseleg inngangsdør mot hagen og to vindauge på kvar sida av inngangsdøra mot haugen. Både dørene og vindauga har enkel, men forseggjorte detaljar i seinbarokkstil. Taket er høgrest og valma med svarte takpanner. Hovudhøgda et tilbakeført til så og seia opphavleg struktur. Berre nokre kammersveggar er flytta på for å gje plass til nye funksjonar som toalett og innvendig kjellartrapp. På eine sida av den tømra midtstilte gangen er kvardagsstova og kjøkenet med ei omfangsrik grue. På den andre sida er to stover som det er opna opp mellom for å gjera rommet meir funksjonelt for den nye bruken. Alle dei tre stovene er trekte med nytt lerret og fargesett etter fargepaletten frå perioden ca 1790 - 1820. Ei marmorert trapp fører opp til salen i andre høgda,

eit stort arkværelse, i dag møterom. Herifrå er det vakkert utsyn over våg og hage. Det høgreste bratte taket gjer at det og er brukbare arbeidsrom for tilsette under skråtaka. Her finn me Botanisk hage sin frøbank og fleire kontorarbeidsplassar.

Det meste av tømmerkonstruksjonen er den opphavlege. Råte og skade er spunsu (reparert) på tradisjonelt vis, og nokre få heile stokkar måtte bytast ut. Likeeins er svært mykje av utvendig kledning med ulik alder og mange tannsnitt-lister gjenbrukt. Dei vel 200 år gamle innvendige og utvendige dørene er tatt vare på og sette i stand. Vindauga er derimot nye, produserte etter gamle oppmålingsteikningar. Ny er og heile takkonstruksjonen. Den opphavlege var ikkje til å redda. I den største stova og i frøbanken i andre høgda er det gamle golvbord med slitasje og patina. Grua på kjøkenet er bygd opp att av same steinen som var i grua då ho stod på Lønningen. Omnane elles i huset er gamle og tidsriktige, men høyrer ikkje til huset. Dei er viktige innkjøpte bygningsdeler som gjer originalt listverk og fargerike brannmurar meiningsfulle. Dei har og ein viktig funksjon som varmekjelde med nye elektriske varmeelement plassert i det gamle brennkammeret.

Funksjonskrav knytt til ny bruk har gjeve nokre synlege spor i det historiske bygget og endringar av den verna bygningen. Huset har fått balansert ventilasjon i alle rom og er brannsikra med automatisk brannalarmanlegg og sprinkelanlegg. Nye toalettfasilitetar er etablerte for å tilfredsstilla tilgjenge for alle i dei to høgdena som er for publikum, sokkelhøgda og stovene. Den største endringa av utsjånaden til huset er den høge sokkelen under trebygningen. Nytt teknisk anlegg, vifterom, sprinklersentral, hovudtavle for straum og elektronikk tar stor plass og skal helst ikkje visast att. Løysinga vart å etablere ein heilt ny betongsokkel som strekkjer seg under plassen bak huset, og er elles delvis dekkja til av terrenget. Denne moderne konstruksjonen rommar og eit undervisningsrom kor botanikkstudentar kan undersøkje planter henta inn frå hagen, kor skuleborn kan eta matpakka si når dei har ekskursjon, og der bygde- og byfolk kan delta på eit breitt spekter av arrangement i regi av universitetet sin botaniske hage. Her er det og funne plass til eit nytt og etterlengta toalettanlegg for alle besøkjande i hagen.

Lønningen – ein bergensk lyststad

I mangel på skriftlege kjelder har alderen på Lønningen Lystgard vore ei gåte. Difor er det spanande når ein etter den 5 år lange flytteprosessen meiner å kunne vera litt nærare eit rett svar på byggår og byggherre. Ei eksakt datering er framleis vanskeleg å fastsetje, men deltakarane i flytteprosjektet har gjort seg nokre tankar om mogleg byggeår og om den tidlegaste bruken av huset.

I boka "Bergenske Lyststeder" definerer Bjørn Trumpy perioden for lyststader i Bergens regionen frå 1750 – 1850. Lønningen er ein av bygningane som vert dokumenterte i boka hans. Sjølv om ikkje byggeår er kjent, meiner Trumpy at ut frå ornamentikken i eksteriøret, kan bygningen daterast ganske nøyaktig. Det er ytterdøra i seinrokoko-stil med tilhøyrande listverk som gjev retning for dateringa. Desse listeprofilane er gjenkjennande frå andre lyststader med sikker datering som Elsero (1785), Slettebakken (1783), Dankert Krohn (1789) og Kong Oscars gate 50 (1789). Av dette sluttar han at "Portalen på Lønningen skulle følgelig skrive seg fra slutten av 1780-årene".

Antikvariske undersøking



Avdekking av ulike malingslag.

Foto: Gamle3Hus AS

Då Gamle3hus AS saman med Ragnar Kristensen i 2013 byrjar klargjering for å flytta huset, starta dei med eit grundig registreringsarbeid som har gjeve ettertida svært god dokumentasjon både av overflater og bygningskonstruksjonen. Lag for lag med tapet og måla lerret, lister, dører, golvbord og tømra veggjar vart avdekka. Alle nye brikker i det store puslespelet fram mot ein truverdig



Merka laftestokkar. Foto: Gamle3Hus AS

rekonstruksjon av lystgarden slik den stod ferdig i all sin glans ein gong sist på 1700-talet. Resultatet av registreringsarbeidet fortel om eit noko mindre staseleg hus enn forventta samanlikna med dei meir bynære lyststadane frå same periode. Riktig nok var eksteriøret prangande, men interiøret var enkelt. Datering av samtidige tapet- og målingslag viste at fleire av stovene faktisk må ha stått uferdige i ein lengre periode.

Gjenoppbygging

Det er eit nytt arbeidslag som vinn konkurransen med gjenreisinga av Lønningen huset, J. H. Nævdal Bygg as og Elin Thorsnes arkitektkontor as, med erfaring frå mellom anna Bryggen-prosjektet. Nye auge ser nye detaljar. Medan grunnarbeidet på går på ettermønter i 2017 er tømrarane i full gang med sitt arbeid i ein lagerhall i Skeielia. Kvar enkelt vegg vert sett saman i liggjande posisjon på ein stor arbeidsbenk. Metoden gjev godt overblikk for naudsynte reparasjonar og enklare arbeidsforhold til å utføra utskifting og reparasjon av stokkar. Metoden gjev og rom for å analysere verktøyspor og byggjeteknikk som var nytta for å reisa huset fyrste



Boga dørøpning med øydelagt beitskier. Foto: Åse Tveitnes, UiB



Tjørebreidd nov. Foto: Åse Tveitnes

gongen. Thorsnes finn at detaljar i samanføyingane i tømmeret, kalla lafteknutar og kinningar, er alderdommelige med slektskap med korleis ein bygde i fyrste halvdel av 1700-talet.

Eit anna uventa funn er dei tjørebreidde novene, hushjørnene, og utvendige tømmervegger som har tydeleg slitasje etter vær og vind, noko som kan tyda på at at bygningen har stått utan kledning i fleire år, kanskje fleire tiår.

Ved remontering finn ein og at brorparten av beitskiene er øydelagde. Beitski er naudsynte vertikale avstivingar på begge sider av dørøpningane i ein tømmervegg. Skadane på desse viser at alle store opningar i huset, ein eller anna gong har vorte utvida i høgda.

Alle dei forseggjorte innvendige boga dørene, er altså yngre enn bygningskroppen. Også dei to ytterdørene som Trumpy daterte huset etter. Dei staselege seinrokoko ytterdørene er sett inn i det som opphavleg har vore mindre opningar utan boga topp.

Nokre svar og nye spørsmål


Desse funna er viktig ny informasjon når vi er på leit etter byggjeår og byggherre, men det kan og rokke ved forteljinga om kva hus som vart bygd på Lønningen. Korleis kan det ha seg at huset då det vart reist, verken fekk kledning eller høge, boga dører? Var det intensjonen til byggherren å reisa ein lystgard?

Sikre svar på desse spørsmåla har me ikkje pr i dag, men restaureringsarkitekt Elin Thorsnes har delt sine refleksjonar som skisserer ei ny og alternativ tolkning av den fyrste delen av historia til huset.

For les ein handverkarane sitt arbeid som del av ein bergensk bygningstradisjon, kan det tyde på at den tømra konstruksjonen, med midtgang og ark, vart reist så tidleg som i 1750- 60-åra, eller før. I så fall var det Henrik Hansson Formann (f. 1703- d.1773) som var byggherren og ikkje sonen Rasmus slik tidlegare antatt.

Henrik skal ha kjøpt gardseigendomen i 1732. Kjelder om slekta Formann fortel at far til Henrik, som den gong eide Lysekloster, døydde i 1732, og at Henrik frå då av styrte drifta av storgarden Lysekloster for mor si til han sjølv vart formell eigar i 1759. Kan hende det var ein gong i denne perioden mellom 1732 og 1759, at Henrik hadde ynskje om noko eige, og eit hus på Lønningen vart ei løysing? Eller var det litt seinare, då eldste son til Henrik, Hans Formann overtar Lysekloster at Henrik ville byggje seg ein lyststad der han kunne nyte alderdommen? Dette er spekulasjonar, men om så var tilfelle kom nedgangstidene brått på i 1765 og råka både handel og skipsfart i Bergen, - også Formann familien. Om det var rundt 1760- 65 at Henrik bestemte seg for å reisa ein lystgard, kan altså nedgangstidene vera forklaringa på at Lønningen vart ståande som eit tomt skal utan kledning i fleire år.

Det var truleg eit tomt råbygg den nest yngste sonen Rasmus Lindgaard Formann (f.1735- d. 1795), overtok då Henrik døydde i 1773. Då oppgangstidene igjen kom, ein gong mellom 1780 og



*Interiør frå Lønningen Lystgard 2018.
Foto: Thomas Vindal Christensen, UiB*

1795, investerte Rasmus i seinrokkkodører og store vindauga, og realiserte såleis faren sin draum om en lystgard på Lønningen. Rasmus skal i følge slektsbøker ha budd i Bergen det meste av livet. Han



Grua på kjøkenet.

Foto: Thomas Vindal Christensen, UiB

var kjøpmann og dreiv med krambod - og bondehandel.

I 1795 brann heimen til Rasmus og kona Lydia i Strandgaten ned, og same år døydde Rasmus. Thorsnes introduserer, basert på desse hendingane Lydia, enke, huslaus og barnlaus, som den som mogleg innreia dei fyrste romma som nødbolig etter brannen. Spor på listverk og tømmer som fortel om istandsetting av gangen, kjøkenet og daglegstova med tilhøyrande kammers, er datert til denne tida. På dette tidspunktet står dei store stovene og andre høgda med salen framleis uinnreia. Med sitt vesle hushald trong verken Lydia store stover eller fleire soverom.

Då Lydia døyr i 1817 i Bergen er det den rike oberst

Otto Synnestvedt som kjøper eigedomen. Han bygger køyreveg frå Lønninghamn fram til huset. Og det er han som fullfører byggeprosjektet med å innreie stovene og arkveærelset i andre høgda.

Mest truleg er Otto den fyrste som kan nytta Lønningen som ein lystgard, sjølv om interiøret vitnar om ein bruk som fell utanfor dei etablerte førestillingane om lystgardar og lyststader i Bergen. Kor mykje Otto, som hadde fleire eigedomar å velje mellom, budde på Lønningen, er usikkert. Men me veit at det var på Lønningen han døydde i 1830.

Huset og romma, slik dei står i Botanisk Hage i dag, er tilbakeført til slik huset var då Peder, sonen til Otto, flytta inn i 1830 og budde der fast med familie og tenestefolk til garden måtte seljast på tvangsauksjon i 1874. I følge folketeljinga frå 1865 budde han på Lønningen som gardbrukar og sjølveigar saman med kone Poulina Magdalene (kone nr 2), dottera Marie Sofie og tre tenestefolk.

Historia i veggene

Ved å bokstavleg talt lesa historia i veggane, er altså Henrik Hansson Formann no introdusert som byggherre, med mogleg byggeår så tidleg som i 1732. Huset stod mange år som eit enkelt tømrahus utan kledning og med enklare vindauge og dører. Kanskje var det fyrst rundt 1800 at huset fekk store vindauge med dagens form og den fyrste oppussinga med «svung» over vart utført. Eit arbeid som truleg var bestilt av svigerdottera Lydia. Kan hende var intensjonen til Henrik å reise ein lystgard, men estetikken og bruken knytt til denne typologien veit vi no vart fyrst realisert mange år seinare når den rike Otto Synnestvedt kjøpte garden og huset.

Framtidsutsikter

Å flytte eit hus er skjeldan det beste kulturminnevernet. Historiske lag og opphavleg samspel med omgjevnadane vil for alltid gå tapt. Men som me har sett, kan ei flytting også avdekka ny kunnskap om historia. Grundig dokumentasjon og fagkunnig handverk gjer at huset i Botanisk hage også i framtida vil vera ei kjelde til kunnskap om

fortida.

Gåva frå AVINOR er ei framtidretta gåve. 1700-talls huset er ikkje gjenreist som eit museum.

Lønningen Lystgard er eit aktivt brukshus i teneste for universitetet og Botanisk hage sine besøkjande og tilsette. Det nye gamle huset i Botanisk hage er ei erkjenning om at den bygde kulturarven er berar av levd liv og identitet, - ein flik bergenskarkitektur som har fått nytt liv som del av vår felles kulturarv. Nye generasjonar med mangslungne interesser vil skape liv vidare i bygningen,- ny bruk, nye erfaringar og nye minner. Framtidsutsiktene er gode for Lønningen Lystgard.

Kjelder

Hordaland Fylkeskommune : Lønningen gard, Lilandsvegen 133, gnr 110 bnr 1 - Bergen kommune - vedtak om mellombels freding i medhald av kulturminneloven § 22.4, jf. § 15. Datert 4. juli 2013


Kristensen, Ragnar (2013) Interiørdokumentasjon og restaureringsforslag Lønningen Lystgård, Flestrand. Rapport: Gamle 3Hus AS

Schroll, Jacob (2013) Lønningen Lystgård. Registrering og demontering. Rapport: Gamle 3Hus AS

Thorsnes, Elin (2018) Lønningen Lystgård. Sluttrapport gjenoppbygging på Milde 2016 -2018. Rapport: Elin Thorsnes Arkitektkontor as.

Trumpy, Bjørn (1977) Bergenske Lyststede. Bergen: Fortidsminneforeningen

Moe, Dagfinn (2018) Bergens glemte hager. Bergen - en innfallspport for hagekunst 1276 - 1900. Bergen: Kunnskapsforlaget



Julepyntet bord. Foto: Vigdis Helen Olsen , UiB

Lønningen tidslinje

	Byggeier	
1732? - 1773	Henrik Hannson Formann	Eiere av Lysekloster
1773 - 1795	Rasmus Lindgaard Formann	
1795 - 1817	Lydia Formann	Nødbolig?
1817 - 1830	Otto Syneestvedt	Bygde vei og innredet stuene
1830 - 1874	Peder og Pauline Synnetvedt	Slik det ser ut i dag
1874 - 1877	Edward A. Wulff	Dampskipsfører Fusa
1877 - 1878	Haldor Engelsen	Agronom
1878 - 1895	August Herman Svanøe	
1895 - 1896	Kristian Salomonsen Sletten	
1896 - 1911	Ivar (far) og Anders (sønn) Vartdal	
1911 - 1916	Ingeniør Skjerven	Konen bodde her ett år
1916 - 1917	Oluf Bjørneseth	
1917 - 1977	Bergen kommune	Barnehjem (1917 - 1955)
1977 - 2018	luftfartsverket /Avinor	
2018 -	UiB	